

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/12/38

av 19. oktober 2010

om tilstrekkeleg vern av personopplysningar i Andorra i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF

[meld under nummeret K(2010) 7084]

(2010/625/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysningar og om fri utveksling av slike opplysningar⁽¹⁾, særleg artikkel 25 nr. 6,

etter samråd med datatilsynsmannen til EU og

ut frå desse synsmåtanane:

- 1) I medhald av direktiv 95/46/EF skal medlemsstatane syte for at overføring av personopplysningar til ein tredjestat kan finne stad berre dersom den aktuelle tredjestaten sikrar eit tilstrekkeleg vern, og dersom lovene til medlemsstatane om gjennomføring av andre føresegner i direktivet er oppfylte før overføringa finn stad.
- 2) Kommisjonen kan slå fast at ein tredjestat sikrar eit tilstrekkeleg vern. I så fall kan personopplysningar overførast frå medlemsstatane utan at det er naudsynt med fleire garantiar.
- 3) I medhald av direktiv 95/46/EF skal nivået for vern av personopplysningar vurderast i lys av alle tilhøve som kan verke inn på ei overføring eller på ein kategori overføringar, samstundes som det skal takast særleg omsyn til ei rekkje faktorar som er relevante for overføringa, som ført opp i artikkel 25 i det nemnde direktivet.
- 4) Ettersom det finst ulike haldningar til vern av personopplysningar blant tredjestatane, bør vurderinga

av kva som er eit tilstrekkeleg vern, og alle avgjerder i medhald av artikkel 25 nr. 6 i direktiv 95/46/EF, gjennomførast på ein måte som ikkje medfører vilkårleg eller urettkomen skilnadshandsaming av eller mellom tredjestatar der liknande vilkår gjeld, eller utgjer ei skjult handelshindring, samstundes som det bør takast omsyn til dei gjeldande internasjonale pliktene til Den europeiske unionen.

- 5) Andorra er eit parlamentarisk fyrstedømme som vert styrt av to samfyrstar, presidenten i Republikken Frankrike og erkebiskopen av Urgell.
- 6) Retten til personvern er forankra i artikkel 14 i forfatninga til fyrstedømmet Andorra (Constitució del Principat d'Andorra), som vart vedteken ved folkerøysting 14. mars 1993.
- 7) Rettsreglane for vern av personopplysningar i Andorra byggjer i stor grad på dei reglane som er fastsette i direktiv 95/46/EF, og som er fastlagde i lov 15/2003 av 18. desember om vern av personopplysningar (Llei qualificada de protecció de dades personals) (LQPDP). Denne personvernlovgevinga er vidare utfylt ved eit dekret av 1. juli 2004 om skiping av eit offentleg register for registrering av filer som inneheld personopplysningar, og av eit dekret av 9. juni 2010 om godkjenning av reglane til det andorranske personvernorganet. Det sistnemnde dekretet inneheld ei avklaring av fleire spørsmål som arbeidsgruppa for personvern i samband med handsaming av personopplysningar som vart skipa i medhald av artikkel 29 i direktiv 95/46/EF, tok opp i fråsegna si av 1. desember 2009⁽²⁾.
- 8) Føresegner om vern av personopplysningar er òg å finne i ei rekkje rettsakter som regulerer ulike sektorar, til dømes regelverket på finanssektoren, helsereglar og offentlege register.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 277 av 21.10.2010, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 137/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tjenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 26.

(1) TEF L 281 av 23.11.1995, s. 31.

(2) Fråsegn 7/2009 av 1. desember 2009, tilgjengeleg på: http://ec.europa.eu/justice_home/fsj/privacy/docs/wpdocs/2009/wp166_en.pdf.

9) Andorra har ratifisert konvensjonen til Europarådet av 28. januar 1981 om personvern i samband med elektronisk datahandsaming av personopplysningar, og tilleggsprotokollen av 8. november 2001 til konvensjonen om personvern i samband med elektronisk datahandsaming av personopplysningar, om tilsynsstyresmakter ved overføring av opplysningar over landegrensar, i tillegg til konvensjonen til Europarådet av 4. november 1950 om vern av menneskerettane og dei grunnleggjande fridommene, som har vore i kraft i Andorra sidan 22. januar 1996, og konvensjonen av 16. desember 1966 om sivile og politiske rettar, som har vore i kraft i Andorra sidan 19. juli 2006.

10) Dei rettsreglane for vern av personopplysningar som vert nytta i Andorra, omfattar alle dei grunnleggjande prinsippa som er naudsynte for eit tilstrekkeleg vern av fysiske personar, og inneheld òg unntak og avgrensingar med sikte på å tryggje viktige offentlege interesser. Bruken av desse rettsreglane for vern av personopplysningar vert sikra gjennom administrative og rettslege middel og ved uavhengig tilsyn frå ei tilsynsstyresmakt, dvs. det andorranske personvernorganet, som har fullmakter til å utføre granskningar og gripe inn, og som handlar heilt uavhengig.

11) Datavernstyresmaktene i Andorra har gjeve forklaringar og lovnader når det gjeld tolkinga av den andorranske lovgjevinga, og har gjeve lovnader om at den andorranske lovgjevinga for vern av personopplysningar vert nytta i samsvar med denne tolkinga. Denne avgjerda byggjer på desse forklaringane og lovnadene, og er difor òg avhengig av dei.

12) Andorra bør difor reknast for å ha eit tilstrekkeleg vern av personopplysningar slik det er nemnt i direktiv 95/46/EF.

13) Av omsyn til klarleiken og for å syte for at dei rette styresmaktene i medlemsstatane får høve til å sikre personvernet med omsyn til handsaming av personopplysningar, må det opplysast om kva ekstraordinære omstende som gjev rett til å mellombels oppheve visse overføringar av opplysningar, sjølv når vernet er funne å vere tilstrekkeleg.

14) Arbeidsgruppa for personvern i samband med handsaming av personopplysningar, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 29 i direktiv 95/46/EF, har gjeve ei positiv fråsegn om nivået for eit tilstrekkeleg vern av personopplysningar, noko som det er teke omsyn til ved utarbeidinga av denne avgjerda⁽³⁾. I den positive fråsegna har arbeidsgruppa oppmuntra styresmaktene i Andorra til å vedta fleire føresegnar i den pågåande prosessen, for såleis å utvide bruken av den andorranske lovgjevinga om vern av personopplysningar, ettersom dette ikkje er omfatta uttrykkjeleg av den andorranske lova om vern av personopplysningar.

15) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 31 nr. 1 i direktiv 95/46/EF —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Med omsyn til artikkel 25 nr. 2 i direktiv 95/46/EF vert Andorra rekna for å ha eit tilstrekkeleg vern av personopplysningar som vert overførte frå Den europeiske unionen.

Artikkel 2

Denne avgjerda gjeld spørsmålet om vernet av personopplysningar i Andorra er tilstrekkeleg med sikte på å oppfylle krava i artikkel 25 nr. 1 i direktiv 95/46/EF, og rører ikkje ved bruken av andre vilkår eller avgrensingar i samband med gjennomføringa av andre føresegnar i det nemnde direktivet som gjeld handsaming av personopplysningar i medlemsstatane.

Artikkel 3

1. Utan at det rører ved fullmakta deira til å gjere tiltak for å sikre samsvar med nasjonale føresegnar som er vedtekne i medhald av andre føresegnar enn artikkel 25 i direktiv 95/46/EF, kan dei rette styresmaktene i medlemsstatane utøve den noverande fullmakta si til å mellombels oppheve overføringar av opplysningar til ein mottakar i Andorra for å verne personar i samband med handsaming av personopplysningar i følgjande tilfelle:

- a) når den rette styresmakta i Andorra har slått fast at mottakaren ikkje etterlever dei gjeldande personvernreglane, eller
- b) når det er svært sannsynleg at personvernreglane ikkje vert etterlevde, når det er rimeleg grunn til å tru at den rette styresmakta i Andorra ikkje til rett tid gjer eller ikkje kjem til å gjere høvelege tiltak for å avgjere saka, når ei vidare overføring vil innebere ein overhangande fare for alvorleg skade for dei som er registrerte, og når dei rette styresmaktene i medlemsstatane under dei rådande omstenda har gjort ein rimeleg innsats for å varsle den som er ansvarleg for handsaminga i Andorra, og gje den det gjeld eit høve til å svare.

2. Den mellombelse opphevinga skal ta slutt straks personvernreglane vert etterlevde og den rette styresmakta i den aktuelle medlemsstaten får melding om dette.

Artikkel 4

1. Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommissjonen om dei tiltaka som vert vedtekne i medhald av artikkel 3.

2. Medlemsstatane og Kommissjonen skal melde frå til kvarandre om tilfelle der tiltak som er gjorde av organ som har ansvar for samsvar med personvernreglane i Andorra, ikkje sikrar slikt samsvar.

⁽³⁾ Fråsegn 7/2009 av 1. desember 2009, tilgjengeleg på: http://ec.europa.eu/justice_home/fsj/privacy/docs/wpdocs/2009/wp166_en.pdf.

3. Dersom dei opplysningane som er innhenta i medhald av artikkel 3 og i medhald av nr. 1 og 2 i denne artikkelen, viser at eit organ som har ansvar for samsvar med personvernreglane i Andorra, ikkje utfører oppgåva si på ein effektiv måte, skal Kommissjonen melde frå til den rette andorranske styresmakta og om naudsynt leggje fram eit utkast til tiltak etter den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 31 nr. 2 i direktiv 95/46/EF, med sikte på å oppheve eller mellombels oppheve denne avgjerda eller avgrense verkeområdet hennar.

Artikkel 5

Kommissjonen skal overvake bruken av denne avgjerda og melde frå til det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 31 i direktiv 95/46/EF, om alle relevante funn, medrekna alle omstende som kan ha innverknad på vurderinga i artikkel 1 i denne avgjerda av at vernet i Andorra er tilstrekkeleg i medhald av artikkel 25 i direktiv 95/46/EF, og alle omstende som viser at denne avgjerda vert gjennomført på ein måte som inneber skilnadshandsaming.

Artikkel 6

Medlemsstatane skal innan 1. januar 2011 gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter denne avgjerda.

Artikkel 7

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. oktober 2010.

For Kommissjonen

Viviane REDING

Visepresident